



Sakspapir

Saksbehandlar	Arkiv	ArkivsakID
Petter Steen jr.	N-007	20/390

Saksnr	Utval	Type	Dato
093/20	Formannskapet	PS	02.06.2020
064/20	Kommunestyret	PS	15.06.2020

PROSEDYRE FOR UTGREIING AV FRAMTIDIG FYLKESTILHØYRSLE

Prenta vedlegg:

Regionreform - Jevnaker endelig
Utgreiing fylkeskifte Ølen

Saksopplysningar:

Rådmannen

Aktuelle lover, forskrifter, avtaler m.m.:

LOV-2001-06-15-70; Lov om fastsetjing og endring av kommune- og fylkesgrenser (inndelingslova)

LOV-2018-06-22-83; Lov om kommuner og fylkeskommuner (kommunelova)

Saksorientering:

Rådmannen syner til formannskapet sitt samrøystes vedtak i møtet 13. mai 2020:

- Formannskapet ber rådmannen utarbeida sak til kommunestyret og gjera greie for kva prosess og prosedyre kommunen må følge dersom Sveio ønsker å søka flytting til anna fylke.*
- Ordførar blir bedd om å ta kontakt med andre sunnhordlandskommunar for å undersøka interessa for ei felles konsekvensanalyse for dei involverte kommunane ved eit ev. skifte av fylke.*

Rådmannen finn det naturleg å først fremja sak om prosedyrar for ei vidare utgreiing av spørsmålet, då det er viktig å kartleggja alle sider ved eit eventuelt byte av fylke. På det viset vil kommunestyret får eit best mogeleg faktagrunnlag om ein vel å gå vidare med ein eventuell søknad om å bli flytta frå Vestland til Rogaland fylke.

Fylkesgrensa som deler halvøya Haugalandet på langs, har røter attende i ei tid då mest all transport av både personar og varer blei utført med båt. Då var det naturleg at områda som etter kvart blei til kommunane Etne, Ølen og Sveio, var vende nordover, medan kommunane på sørsida av Haugalandet, var vende sørover. Havstykket Sletta var og ein



solid barriere for båttrafikken mellom Sunnhordland/Hardanger i nord og Ryfylkebassenget i sør. Etter kvart som både persontransport og godstransport i større grad blei flytta frå sjøen til eit stadig betre utbygd vegnett, danna det seg nye naturlege bu- og arbeidsmarknader på tvers av dei gamle grensene. Då salet av personbilar blei fritt i 1960, aksellererte denne utviklinga. Dette var ein viktig del av grunngevinga for endringa i kommunestrukturen på 1960-talet. Tidlegare Vikebygd kommune var eit døme på dette. Båttransport over Ålfjorden gjorde Vikebygd til ei naturleg eining før transporten blei flytta opp på land. Då nye Sveio kommune blei etablert i 1964, var det naturleg at Vestre Vikebygd blei ein del av Sveio, medan Austre Vikebygd blei lagt til dåverande Ølen kommune.

Fylkesgrensa mellom Rogaland og tidlegare Hordaland fylke har blitt endra ved to høve i moderne tid. I 1964, då nye Sveio kommune blei etablert, blei ein liten del av tidlegare Skjold kommune i Rogaland (Flatnes) lagt inn under Sveio. Med verknad frå 1. januar 2002 blei tidlegare Ølen kommune flytta frå Hordaland til Rogaland. Den norske kyrkja justerte samstundes grensa mellom Bjørgvin og Stavanger bispedøme.

Ølen kommune sitt byte av fylke var mellom anna motivert av eit ønske om å få til ei samanslåing med «gamle» Vindafjord kommune i Rogaland. Prosessen starta i 1998, og det er svært mykje som er endra innanfor offentleg verksemd i Noreg sidan då. I 1998 var til dømes sjukehusa framleis fylkeskommunale, NAV-reforma var ikkje gjennomført og politidistrikta var framleis slik dei var før førre politireform. I tillegg har digitaliseringa gjort at arbeidsmåtene både i stat, fylkeskommune og kommune er radikalt endra. Svært mykje av det ein framleis måtte møte opp på eit offentleg kontor for å få hjelp til ved tusenårsskiftet, er i dag tilgjengeleg som digitale tenester. Rådmannen har og oppfatta det slik at eit eventuelt byte av fylke *ikkje* er grunngeve i eit ønske om kommunesamanslåing. Difor har rådmannen undersøkt om det finst døme på kommunar som har endra fylkestilknytning i nyare tid utan at dette har vore ein del av ein samanslåingsprosess.

I samband med endringane i kommune- og fylkesinndelinga i Noreg som tok til å gjelda frå 1. januar 2020, finst det nokre døme på kommunar som endra fylkestilhøyrsløse for å slå seg frivillig saman med ein nabokommune. Dette gjeld til dømes Svelvik i tidlegare Vestfold (no Telemark og Vestfold) som slo seg saman med Drammen i tidlegare Buskerud (no Viken) og Hornindal i tidlegare Sogn og Fjordane (no Vestland) som slo seg saman med Volda i Møre og Romsdal.

Det finst og to døme på kommunar som endra fylkestilhøyrsløse utan at det det var ein del av ein prosess med kommunesamanslåing. Dette gjeld kommunane Lunner og Jevnaker i tidlegare Oppland fylke. Saman med Gran kommune utgjer desse kommunane regionen Hadeland. Då Oppland og Hedmark fatta vedtak om å slå seg saman til det nye fylket Innlandet, drøfta dei tre kommunane om dei skulle søkja om å bli flytta frå nye Innlandet til nye Viken. Resultatet blei at Gran blei verande i Innlandet, medan Lunner og Jevnaker blei med i nye Viken. Jevnaker kommune si utgreiing av spørsmålet om fylkestilhøyrsløse ligg som prenta vedlegg til denne saka, og svært mange av temaa i utgreiinga vil truleg vera aktuelle i ei eventuell utgreiing for Sveio og.

Fram til årsskiftet 2001/2002 var det tre sunnhordlandskommunar på halvøya Haugalandet; Sveio, Ølen og Etne. Desse tre kommunane fekk etter kvart full medlemskap i baa dei aktuelle regionråda. Sveio, Ølen og Etne var observatørar i det tidlegare Regionplanrådet for Nord-Rogaland og Nord-Rogalandrådet, men då Nord-Rogalandrådet endra namn til Haugalandrådet, blei dei tre kommunane fullverdige medlemar både der og i Samarbeidsrådet for Sunnhordland.



På grunn av den geografiske nærleiken til Haugesund har Sveio kommune sine ibuarar over lang tid hatt tilgjenge til viktige statlege og fylkeskommunale tilbod i Rogaland. Vidaregåande skular er eit godt døme på dette. Innanfor helsesektoren hadde Sveio kommune sine ibuarar alt før den statlege overtakinga av sjukehusa i 2002 rett til å få behandling ved det som då heitte Fylkessjukehuset i Haugesund og var drive av Rogaland fylkeskommune. Pasientar frå Ølen og Etne hadde den same retten. Etter at Trekantsambandet blei opna for trafikk i 2000/2001, har det blitt mykje enklare kommunikasjonar også nordover, slik at det er lettare for skuleelevar å pendla til vidaregåande skule på Stord. Det same gjeld for arbeidsreiser.

Då kommunelova av 1992 tok til å gjelda, blei generalistkommuneprinsippet gjennomført fullt ut i Noreg. Då forsvann den siste skilnaden i oppgåver mellom bykommunar og heradskommunar. Generalistkommuneprinsippet blei ført vidare i kommunelova av 2018. Sveio kommune har dei same lovpålagde oppgåvene som langt større kommunar. For å gje eit likeverdig tenestetilbod til ibuarane, har dette ført med seg at kommunen har etablert eit omfattande interkommunalt samarbeid med naboar på både sider av fylkesgrensa. På nokre område ser vi at Sveio kommune må vera med i parallelle samarbeidsfora i Vestland og Rogaland. Dette kan i somme høve føra til at mykje tid går med til møteverksemd og koordinering.

Inndelingslova av 2001 har føresenger om eventuelle grensejusteringar i §6:

«§ 6. Vedtak om grensejustering

Kongen gjer vedtak om justering av grenser mellom kommunar og mellom fylke. Dersom grensejustering mellom fylke gjeld meir enn éin kommune, skal saka leggjast fram for Stortinget til avgjerd.»

Ein eventuell søknad om byte av fylke frå berre Sveio kommune kan altså avgjerast utan handsaming i Stortinget. Om fleire kommunar ynskjer å gjera eit slikt byte i lag, vil dette vera ei sak som krev handsaming i Stortinget. Inndelingslova gjev utfyllande føresegner om økonomisk oppgjer og andre praktiske spørsmål knytt til grensejusteringar.

Det vil truleg vera både føremonar og ulemper knytt til både å liggja i Vestland og å liggja i Rogaland. Det er difor viktig å ha eit godt oversyn over alle konsekvensar både av å bli verande i Vestland og å byta til Rogaland. Det bør difor gjennomførast ei grundig utgreiing av dei ulike sidene av spørsmålet. Om kommunen skulle velja å søkja om overføring til Rogaland, vil det vera naudsynt å kunna grunngje søknaden på solid fagleg grunnlag. Om kommunen skulle konkludera med at det er mest tenleg å bli verande i Vestland, vil det vera nyttig å ha eit godt oversyn over konsekvensane av dette alternativet og. Det vil såleis i alle høve vera naudsynt å knyta til seg eit kompetent eksternt fagmiljø i den vidare prosessen.

Vidare arbeid med spørsmålet om framtidig fylkestilhøyrsløse vil og krevja bruk av interne ressursar i administrasjonen. Det vil til dømes vera naudsynt å gå gjennom alle delar av den kommunale verksemda for å kartleggja samhandling med dei ytre statsetatane, fylkeskommunane, nabokommunar og interkommunale organ. Ein del av dette arbeidet må gjennomførast i forkant av ein anbodskonkurranse om ei ekstern fagleg utgreiing. Det vil truleg og vera viktig å etablere ei intern tverrfagleg arbeidsgruppe med eigen prosjektleiar som kan samhandla med det eksterne fagmiljøet gjennom heile utgreiingsfasen. I tillegg vil



det vera naturleg at formannskapet er styringsgruppe for prosjektet.

Sidan fylkesbyttet til tidlegare Ølen kommune skjedde så seint som i 2002, ser rådmannen det som naturleg å ta kontakt med Vindafjord kommune for å få kunnskap om dei faglege og politiske prosessane som gjekk føre seg rundt tusenårsskiftet. Tidlegare Ølen kommune sine røynsler vil vera nyttige å kjenna til om Sveio kommune vel å setja i gang ein tilsvarande prosess. Utgreiinga frå tidlegare Ølen kommune ligg elles som prenta vedlegg til denne saka.

Økonomiske konsekvensar:

Økonomiske konsekvensar av vidare arbeid vil bli handsama i eiga sak hausten 2020.

ROS-analyse:

Ikkje aktuelt

Uttale frå barnerepresentanten etter pbl.:

Ikkje aktuelt

Vurdering – folkehelse:

Ikkje aktuelt

Vurdering – miljø:

Ikkje aktuelt

Vurdering:

Som det går fram av saksorienteringa, ser rådmannen det i alle høve som tenleg å få eit oversyn over føremonar og ulemper både ved å bli verande i Vestland fylke og å byta fylkestilhøyrsløse til Rogaland. Det vil vera naudsynt å henta inn ekstern faglege hjelp i dette arbeidet, slik at ein får eit solid faglege fundament når ein skal vurdera vegen vidare.

Framtidig fylkestilhøyrsløse for Sveio kommune er grunnleggjande sett eit politisk spørsmål. Det vil ha langsiktige samfunnsmessige konsekvensar både om ein ynskjer status quo og om ein ynskjer å byta til Rogaland. Difor er både eit solid kunnskapsgrunnlag og sterk politisk forankring så viktig.

Sjølv om den spesielle situasjonen rundt Covid-19 framleis verkar inn på arbeidet i administrasjonen, meiner rådmannen at det er viktig å koma raskt vidare med å svara opp vedtaket i Sveio formannskap frå 13. mai. Det vil difor vera ein stor føremon om kommunestyret alt på denne sida av sumarferien fattar vedtak som gjev formannskapet og rådmannen fullmakt til å gå vidare med førebuinga av eit utgreiingsarbeid om framtidig fylkestilhøyrsløse.



Framdriftsplan:

Framdriftsplan må handsamast i eiga sak hausten 2020, etter at ein har fått attendemelding frå andre kommunar i Sunnhordland om dei ynskjer å delta i eit felles utgreiingsarbeid eller ei.

Rådmannen sitt forslag til vedtak:

1. Sveio kommune vil greia ut kva som er det mest tenlege fylket å tilhøyra i framtida, Vestland eller Rogaland. Prosjektet blir innarbeidd i ny planstrategi.
2. Formannskapet blir politisk styringsgruppe for utgreiingsarbeidet.
3. Kommunestyret tek til etterretning at rådmannen etablerer ei tverrfagleg arbeidsgruppe med intern prosjektleiar.
4. Kostnad og framdriftsplan blir å handsama som eiga sak i første møteserie hausten 2020, etter at ein har fått attendemeldig frå andre kommunar om det er interesse for å etablera eit prosjekt som omfattar fleire kommunar enn Sveio.

Formannskapet - 093/20

FOR - behandling:

Fleire tok ordet i saka.

Røysting: Samrøystes som tilrådd av rådmannen.

FOR - vedtak:

Formannskapet si tilråding til kommunestyret:

1. Sveio kommune vil greia ut kva som er det mest tenlege fylket å tilhøyra i framtida, Vestland eller Rogaland. Prosjektet blir innarbeidd i ny planstrategi.
2. Formannskapet blir politisk styringsgruppe for utgreiingsarbeidet.
3. Kommunestyret tek til etterretning at rådmannen etablerer ei tverrfagleg arbeidsgruppe med intern prosjektleiar.
4. Kostnad og framdriftsplan blir å handsama som eiga sak i første møteserie hausten 2020, etter at ein har fått attendemeldig frå andre kommunar om det er interesse for å etablera eit prosjekt som omfattar fleire kommunar enn Sveio.

Kommunestyret - 064/20

KOM - behandling:

Ordførar viste til referatsak 11: Samarbeidsrådet 05.06.2020 – Referat.

Røysting:



Sveio kommune

Formannskapet si tilråding blei vedtatt med 24 mot 1 røyst. Mindretalet: Dagfinn F. Bjørge (Sp).

KOM - vedtak:

1. Sveio kommune vil greia ut kva som er det mest tenlege fylket å tilhøyra i framtida, Vestland eller Rogaland. Prosjektet blir innarbeidd i ny planstrategi.
2. Formannskapet blir politisk styringsgruppe for utgreiingsarbeidet.
3. Kommunestyret tek til etterretning at rådmannen etablerer ei tverrfagleg arbeidsgruppe med intern prosjektleiar.
4. Kostnad og framdriftsplan blir å handsama som eiga sak i første møteserie hausten 2020, etter at ein har fått attendemeldig frå andre kommunar om det er interesse for å etablere eit prosjekt som omfattar fleire kommunar enn Sveio.